

Installasjon av Nynorobot for Office

Du får tilgang til Nynorobot for Office gjennom å laste ned ei msi-fil for installasjon på Windows-maskin. Installasjonen koplar Office opp mot ei ekstern netteneste for omsetning mellom bokmål og nynorsk. Etter installasjon av nødvendige filer må du legge inn lisensnøkkel. Denne rettleiinga viser deg korleis du gjer dette.

Krav til installasjonen


Merk at du må ha administratorrettar på maskina for å installere. Du må også lukke Word og Outlook før du installerer, elles får du feilmelding.

Dersom du får melding om at Visual Studio 2010 for Office Runtime ikkje er installert, kan du laste det ned frå adressa på meldingsboksen eller frå [nynodata.site/download/VS2010Tools_redist.exe](https://www.microsoft.com/en-us/download/details.aspx?id=48217).



Installasjon av Office-tillegget


Start opp installasjonsfila Nynorobot.msi. Det første skjermbildet ser slik ut:






Vel *Neste*. Før du kan gå vidare, må du godkjenne lisensavtalen.



Som standard installerer du Nynorobot både for Word og Outlook. Men dette kan du endre på det neste skjermbildet, under *Tilpasset*.




Då er du klar for sjølve installasjonen.




Lisensiering


Etter at installasjonen er ferdig, ligg der ei verktøylinje under *Tillegg* på bandet.




Trykk på knappen *Innstillinger* og godkjenn bruksvilkåra for Nynorobot.



Trykk igjen på knappen *Innstillinger* og vel alternativet *Om*. Resten av informasjonen på dette skjermbildet er forklart i bruksretteleinga.





Tildelt nøkkel

Har du fått tildelt lisensnøkkel, kan du legge han inn i feltet og trykke på knappen *Aktiver*. Lisensen din blir registrert på ekstern lisensserver og du kan bruke Nynorobot saman med Office i den perioden du har avtale for. Det er viktig at du er kopla til Internett for å få aktivert lisensen.

Dersom du vil flytte lisensen til ei anna maskin, kan du avinstallere programmet og frigi lisensen til ny installasjon.


Har du kjøpt fleire lisensar, kan du installere og aktivere same lisensen på like mange maskiner som du har kjøpt lisens for.

Merk! Du må vere kopla til Internett for å få aktivert lisensen.

Prøvelisens

Manglar du lisensnøkkel, kan du be om prøvelisens. Du kan også kjøpe lisens gjennom nettbutikken eller kontakte Nynodata.

Ein prøvelisens varer normalt i 10 dagar, slik at du kan teste ut produktet på dine egne tekstar. Du må legge inn denne informasjonen:



Lisensinformasjon

Kopier eller skriv inn lisensnøkkelen du har fått tilsendt og trykk på knappen "Aktiver". Merk at du må vere kopla til Internett når du aktiverer.

Dersom du...

Vi fann in...

Lisensnøk...

Aktiveri...

Mas...

Firma:

E-post*:

Namn*:

Sett kryss her dersom du godkjenner at leverandøren kan sende deg e-post med meir informasjon eller gi deg spesialtilbod.

Avbryt OK

Kjøp no Få prøvelisens Avbryt / Lukk

Feltet for lisens blir automatisk fylt ut med ein testnøkkel. Du kan installere prøvelisensen berre ein gong på same maskin.

Når testperioden er over og du vil gå over til fast bruk, legg du den nye lisensnøkkelen inn i feltet for lisens, og Nynorobot er klart for normal bruk. Sjå bruksrettleiing for Nynorobot.

Har du elles spørsmål om installasjonen, må du gjerne kontakte Nynodata på support@nynodata.no.